



Statkraft
REN ENERGI

PROSJEKTRAPPORT MED KU

Søknad om konsesjon for Austdøla kraftverk (et O/U-prosjekt)

**VEDLEGG 16:
Brev fra Hardanger Energi Nett**

BKK Nett AS
Postboks 7050
N-5020 Bergen

Att.: Øystein R Berge



Kinsarvik, 8. januar 2015

Dykkar ref.

Dykkar brev.

Vår ref.: 4-3197/Harald Sandvik

Kapasitet for ny produksjon i Hakestad

Me viser til møte i går mellom BKK Nett og Hardanger Energi Nett på Kokstad der også representantar frå Statkraft og BKK Produksjon var tilstades. I tråd med oppmodinga frå møtet i går, sender Hardanger Energi Nett ein formell oppmoding til BKK Nett om å starta arbeidet med å planleggja korleis få nok kapasitet gjennom Hakestad for ny planlagt produksjon for Tysso kraftverk (ca 8,3 MW), Solse kraftverk (3,4 MW), Austsdøla kraftverk (8,5 MW) og Vambheim kraftverk (2,5 MW). I tillegg til å planleggja løysing, ber me om at det vert utarbeidd og innsendt konsesjonssøknad på løysinga som vert planlagt.

Me vil samtidig be om at BKK Nett i arbeidet har god kontakt med berørte grunneigarar i Ulvik og likeins med Ulvik herad. Underteikna har hatt kontakt med ordførar i Ulvik herad i dag for å gje ei kort orientering om dette initiativet for å få sett i gang dette arbeidet, og ordførar ser positivt på at arbeidet startar opp.

Hardanger Energi har også fått spørsmål frå både Statkraft og Tysso kraftverk om status for nettutbygginga i Ulvik-området. Bakgrunnen for deira spørsmål er dels at innsendt konsesjonssøknad ikkje vert behandla av NVE og dels at produsentar er redd for at nye søknadar som kan verta sendt inn ikkje vil verta handsama av NVE med den konsekvens at ein ikkje rekk å setja kraftverket i drift i løpet av 2020 som er fristen for å få sertifikat. Me ber difor om å få tilsendt ein stadfesting frå BKK Nett om at BKK Nett no har sett i gang arbeidet med å planlegga og søkja konsesjon for nettløysinga for Hakestad som inneber at alle utbyggingane som det enten er søkt konsesjon for eller vil verta søkt konsesjon for i Ulvik pr 2015 vil få nettilknytning. I neste omgang vil Hardanger Energi Nett vidareformidla denne stadfestingane til dei produsentane som har eller vil søkja om konsesjon og som er omfatta av denne planen, slik at dette er med på å gjera at NVE vil handsama søknadane deira.

Kopi av denne oppmodinga er også sendt til ordføraren i Ulvik, Hans Petter Torbjørnsen.

Med helsing
Hardanger-Energi AS

Harald Sandvik
-dagleg leiar-

Øyvind Svartveit
-nettsjef-

HARDANGER ENERGI AS, BOKS 33 5782 KINSARVIK

Telefon 53671600

Bankgiro: 1503.36.71897 (OCR)

Foretaksnr. 983502601 MVA

Telefaks 53671601

Bankgiro andre innbetalinga: 1503.22.82560

<http://www.hardangerenergi.no/>

Sponsor for **HARDANGER Musikkfest**





Statkraft
REN ENERGI